



Fylkesmannen i Vestland

Helse, sosial og barnevern

Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen er statens representant i fylket, og har ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa. Fylkesmannen skal dessutan fremje fylka sine interesser, og kan ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styresmakter.

Fylkesmannen i Vestland har delt lokalisering mellom Leikanger, Bergen og Førde - med hovudsete i Leikanger.

Jurist - sosial og barnevern

Om stillinga:

Vi har ledig to vikariat på avdelinga helse, sosial og barnevern.

Avdelinga har ulike rådgjevings- og forvaltningsoppgåver og fører tilsyn med barnevern-, helse-, omsorg- og sosialtenestene. Avdelinga har brei kontakt med kommunar, spesialisthelsetenester og nasjonale styresmakter. Vi behandlar enkeltsaker og fører tilsyn med kommunar, helseføretak og institusjonar, gir råd og rettleiing og medverkar til gjennomføring av nasjonale mål. I arbeidet med folkehelse og tiltak for sosial utjamning samarbeider vi med dei andre avdelingane i embetet og eksterne instansar.

Fylkeslegen leier avdelinga som har tilsette med barnevern-, sosial-, helse-, juridisk, pedagogisk, samfunnsfagleg og administrativ kompetanse.

Avdelinga har tre seksjonar og kontorstader på Leikanger og i Bergen. Stillingane er knytt til seksjon sosial og barnevern. Dei to vikariata har ulik oppstartsdato og lengd:

- Vikariat frå snarast til og med 31.12.19. Kontorstaden er Bergen.
- Vikariat frå 05.08.19 til og med 04.08.20. Kontorstaden er Bergen.

Stillingane er knytt til sakshandsaming og tilsynsoppgåver innanfor arbeidsområda til avdelinga, i hovudsak innan sosial og barnevern.

Oppgåvene blir tilpassa kompetansen til den som får stillinga og den samla faglege kompetansen i seksjonen. Arbeidet er variert og i stor grad tverrfagleg.

Kvalifikasjonar:

Du må ha juridisk embetseksamen/master i rettsvitenskap. Erfaring frå barnevern eller sosialjuridisk arbeid, eller tilleggskompetanse innan barnevern og sosialfag, kan vere ein fordel.

Du må like å finne løysingar og kunne formidle kompliserte problemstillingar på ein god måte.

God munnleg og skriftleg formidlingsevne på nynorsk og bokmål er ein grunnleggjande føresetnad. Du må kunne nytte både målformer. Vi ber om å få lagt fram arbeid som viser dette i praksis.

Du må kunne arbeide systematisk og sjølvstendig innan dei fristane som er sett og vere innstilt på å samarbeide nært med kollegaer. Dette gjeld tildelte saker og i avdelinga sitt samla arbeid. Gode samarbeidsevner, evne til systematisk arbeid, fleksibilitet og omstilling blir vektlagt.

Som tilsett hos Fylkesmannen får du:

- interessante arbeidsoppgåver
- ein arbeidsplass i utvikling
- eit kompetent og godt tverrfagleg arbeidsmiljø
- medlemskap i offentleg tenestepensjonsordning
- fleksibel arbeidstid

Vilkår:

Stillinga er lønna i stillingskode 1434 rådgjevar frå kr 480 000 til kr 540 000 eller i stillingskode 1364 seniorrådgjevar frå kr 550 000 til kr 600 000 ut frå kvalifikasjonar og lokal lønnspolitikk. Stilling som seniorrådgjevar har strenge krav til kompetanse. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare lønn.

Fylkesmannen ønskjer mangfald, og vi oppmodar difor alle kandidatar som er kvalifiserte til å søkje utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Embetet er IA-verksemnd, og vil leggje til rette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

Dei første seks månadane er prøvetid.

Tenestemålet er nynorsk.

Vitnemål og attestar må leggjast ved søknaden.

Søkarlista er i utgangspunktet offentlig. Du kan be om unntak dersom vilkåra i lova er til stades.

Nærare opplysningar om stillinga får du hjå fylkeslege Helga Arianson, fmhohar@fylkesmannen.no, tlf. 970 33 108 og seksjonssjef Øystein Breirem Jacobsen, fmhoobj@fylkesmannen.no, tlf. 926 62 111.

Jobbnorge-ID: 170560, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut